



Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/78540-11

Dykkar referanse:
16/928 – 19/21601

Vår dato:
28.11.2019

Merknad til 2.gangs offentlig ettersyn – Områdereguleringsplan for Rylandshøgda – gnr. 43

Vi syner til 2.gangs offentlig ettersyn av områdereguleringsplan for Rylandshøgda i Meland kommune, med merknadsfrist sett til 30.11.2019.

Vår rolle

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Føremål med planarbeidet

Føremål med områdereguleringa er å leggje til rette for utvikling av områdesenteret Vikebø. Innanfor planområdet skal det regulerast for bustader, ved etablering av nye bustadfelt og fortetting av eksisterande bustadområde. Det er ein stor og omfattande reguleringsplan, som legg til rette for utvikling av eit lokalsamfunn. Det er difor viktig å ha eit godt plangrunnlag, for å sikre gode og trygge løysingar for området.

Sakshistorikk og prosess

Områdeplanen var på 1.gangs offentlig ettersyn sumaren 2019. Statens vegvesen hadde vesentlege merknader til planen, både som sektormynde for vegtransport og som forvaltar av fylkesveg på vegne av Hordaland fylkeskommune. Vi anmoda difor både Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune om å fremje motsegn mot områdeplanen, slik den låg føre.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Gjennom dialog vart det semje om at Meland kommune skulle gjere vesentlege endringar i planframlegget, og legge planen ut på ny offentleg høyring. Formell motsegn vart difor ikkje fremma. Vi viser for øvrig til referat frå dialogmøte hos Hordaland fylkeskommune den 16.08.2019, og samordna uttale frå Fylkesmannen i Vestland, datert 05.09.2019, med referat frå dialogmøte den 30.08.2019.

I lys av prosessen som har vore, meiner Statens vegvesen at kommunen med fordel kunne invitert Statens vegvesen til drøfting av løysingane før 2.gongs offentleg ettersyn, for å avklare at planframlegget er i samsvar med tidlegare dialog.

Det er gjort ei rekke endringar i planframlegget etter første gongs offentleg ettersyn. Likevel er det etter vårt syn trong for ei rekke mindre endringar for å sikre gode løysingar for trafikktryggleik og framkome, og for at framlegget skal vere i samsvar med avtaler i dialogmøtene.

Om transportnettet i planområdet i dag

Planområdet ligg mellom dagens lokalsentrum på Vikebø, der barneskulen ligg, og eksisterande idrettsplass og ein barnehage. Dagens gang- og sykkeltilbod mellom desse målpunkta er på eksisterande bustadveg i planområdet. Denne vegen fungerer også som skuleveg for dei som bur i planområdet i dag, og er tilkomstveg til bustader. Det er ikkje fortau langs vegen.

Det er fleire fylkesveger innanfor planområdet, både fv. 564 Rosslandsvegen og fv. 5316 Eikelandsvegen/levegen (tidlegare fv. 248). I dag er det ikkje gang- og sykkeltilbod langs desse.

Merknad til bandleggingssone H740

I planframlegget er det sett av ei sone langs fv. 564 til bandlegging etter annet lovverk, H740. §6.3 i føresegnene omhandler sona:

*«§6.3 Bandleggingssone etter andre lover (H740)
§6.3 Bandleggingssone (H740)
Omsynssone for areal avsett til framtidig veg.»*

Statens vegvesen meiner det vil vere meir riktig å nytte kode H710, bandleggingssone for regulering etter plan- og bygningsloven. Vidare krevjer vi at føresegna i større grad må klargjere føremål med bandleggingssona. Vi syner til referat frå dialogmøte hos Hordaland fylkeskommune den 16.08.2019, der det mellom anna står:

«Føresegnene må sikre fleksibilitet for det vidare planarbeidet med fylkesveg 564 Fløksand – Vikebø, og synleggjere tydeleg at det i dette området er pågåande planarbeid.»

Etter vårt syn er ikkje §6.3 tydeleg nok på føremål med bandleggingssona og restriksjonar på tiltak innanfor sona. Vi krevjer difor at kommunen tydeleggjer føresegna.

Statens vegvesen gjer framlegg om følgjande føresegn:

«Bandleggingssona omfatter del av fv. 564 Rosslandsvegen og arealet inntil 50 meter frå vegmidte, der det er pågåande planarbeid. Bandleggingssona skal sikre areal til framtidig vegutviding, gang- og sykkelveg og tilhøyrande tiltak. Når det føreligg godkjent reguleringsplan for utbetring av fv. 564 og etablering av gang- og sykkelveg gjennom planområdet vert bandleggingssona oppheva.

Det kan ikkje gis løyve til tiltak innanfor bandleggingssona.»

Statens vegvesen meiner samstundes at bakgrunn for både bandleggingssona og rekkefølgjekrava knytt til fv. 564 burde fått ein djupare omtale i planomtalen. Det vil gi betre grunnlag for vurdering dersom ein seinare skal vurdere tiltak opp mot omsynet bak rekkefølgjekrava og bandlegginga.

Merknad til rekkefølgjekrava

Om §7.1 Før rammeløyve/løyve i eit trinn

Føresegn §7.1 a) og b) setter rekkefølgjekrav knytt til henholdsvis fv. 564 ved Fløksand/Leiro og fv. 248 med tilhøyrande gang- og sykkeltilbod. På grunnlag av overskrifta tolkar Statens vegvesen føresegn 7.1 slik at krava som er satt må vere innfridd før anten rammeløyve eller løyve i eit trinn kan gis. Ordlyden i punkt a) og b) kan derimot mistydast, og vi krevjer difor at den vert endra til å samsvare med overskrifta. Konkret ber vi om at ein stryk «i eit trinn» i §7.1, punkt a) og b).

Vi viser til referat frå dialogmøtet hos Fylkesmannen den 30.08.2019, der føresegnen vart omtalt. Konklusjonen der var at kommunen skal ha vidare dialog med Statens vegvesen for å verte samde om formulering av føresegn. Slik dialog har ikkje funne stad før 2.gangs offentleg ettersyn.

Støy

jf. kap 7.9 i planbeskrivelsen

Vi gjer merksam på at dersom det vert planlagt nye bustader i gul støysone, skal kommunen krevje at det vert utarbeida ei støyfagleg utgreiing saman med planframlegget, jamfør retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012). Vi gjer særleg merksam på støyretningslina sine krav knytt til støynivå på uteoppfallsareal og på fasade (stille side).

Merknader til plankartet:

Feil siktsoner i kryss og avkøysler

God sikt er avgjerande for å ivareta trafikktryggleiken i kryssområda. I krysset mellom Eikelandsvegen og levegen, begge fv. 5316, gjeld ordinær viktplikt frå høgde, jf. figur D.6 i handbok N100 Veg- og gateutforming. Siktsonene som er vist i plankartet gjeld i forkjørsregulerte kryss, og krava er vesentleg annleis. Vi krevjer at dette vert retta opp. Dette vart også påpekt ved 1.gangs offentleg ettersyn.

Vi vil samstundes oppmode til å gjere ei ny vurdering av siktsonene i dei kommunale og private vegene i planområdet, slik at regulerte siktkrav vil vere i samsvar med gjeldande vikepliktsituasjon. I avkøyrslar er det vikeplikt, medan det i kryss mellom lokale vegar normalt vil vere høgreregulering som gjeld. Planen bør rettast på dette punktet, for å sikre tilstrekkeleg sikt på lokalvegnettet.

Byggegrenser i offentlege kryss

I vår uttale til 1.gangs offentleg ettersyn gjorde vi også merksom på byggjegrensa i kryss mellom offentlege vegar, som er 60 meter x 60 meter. Vi krevjer at denne byggjegrensa vert lagt til grunn for områda BFS1 a, BFS1 g og BFS6g-h.

Tilkomst til BFS9a

Ved 2.gangs offentleg ettersyn er det gjort vesentlege endringar i områda rundt bustadområdet BFS9a. Dette området er no omringa av område BKS7b. Slik areala er vist, meiner Statens vegvesen at område BFS9a bør få tilkomst frå lokalvegnettet i område BKS7b, istadenfor å ha eiga avkjørsle frå fv. 564. Vi ber om at det vert utforma ein føresegn som sikrar at dagens tilkomst, f_SV12, skal stengast når områda rundt BFS9a vert utvikla og lokalvegnettet er på plass.

Konklusjon

Statens vegvesen vurderer at det må gjerast fleire mindre endringar i planframlegget for å sikre gode og framtidssrette trafikkløysingar i Vikebø. Vi ser fram til ein tettare dialog i avslutninga av planarbeidet.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN